



Voss Utferdslag



RETNINGSLINER FOR PÅSKJØNING FOR FRIVILLIG ARBEID.

Påskjøning skal vera ei positiv merksemd og takk for frivillig innsats til medlemmer i Voss Utferdslag. Frivillig arbeid er uløna arbeid innanfor Voss Utferdslag sine aktivitetar. Påskjøningar rokkar ikkje ved prinsippet om at aktiviteten i laget skal vera tufta på uløna arbeid.

PÅSKJØNINGAR skal brukast slik:

1. Invitasjon til årleg festmiddag på Veitla

- årsmøteopnemnde tillitsvalde
- medlemmer som har gjort minst 15 timar frivillig arbeid siste år
- turleiar for minst ein heildags tur eller minst 2 nærmiljøturar i løpet av året.
- æresmedlemmar i Voss Utferdslag og innehavarar av gullknappen.
- dagleg leiar

2. Gratis overnatting på alle hyttene til Voss Utferdslag

- årsmøteopnemnde tillitsvalde
- medlemmer som gjort minst 15 timar frivillig arbeid siste år (gjeld påfølgjande år)
- Æresmedlemmar i Voss Utferdslag og innehavarar av gullknappen.
- dagleg leiar

3. Gratis overnatting på ei hytte i samband med dugnadsarbeid

- andre frivillige når dei deltek i arbeid på hytta eller på stinettverket til hytta.

4. Gratis kost*

- medlemmer i hyttetilsyna på hytta dei har tilsynsansvar for
- medlemmer av vardenemnda i samband med arbeid på stinettverket til hytta
- andre frivillige når dei deltek i arbeid på hytta eller på stinettverket til hytta

*Kost er uttak frå proviantlager og/eller dekking av dokumenterte utgifter til kjøp av mat.

5. Gratis overnatting, kost og reis på overnattingsturar

- Turleiarane
- Turleiarar i Borna sitt Turlag og familiemedlemmer til turleiararne.

6. Enkel gåve (labbar el.l) gjeve på årsmøtet

- når tillitsvald avsluttar verv i gruppe/tilsyn/nemnd

REGISTRERING AV FRIVILLIG ARBEID

Kontaktpersonar i grupper og tilsyn må melda frå til dagleg leiar om frivillige (utan verv) som har gjort arbeid for laget i minst 15 timar i løpet av året.

